



RADØY
den grønne øya

Mandat innspelsgruppe investeringsprosjekt Bø barnehage 2016

Bakgrunn:

I budsjettet for 2016 er det vedteke å begynne på arbeidet med å planleggje/prosjekttere ny barnehage på Bø. Bygging av ny barnehage vil i så fall kunne utførast i 2017. Det er sett av 1 500 000 kr til arbeidet som skal utførast i 2016.

Referansenummeret til prosjektet er 2712006.

Arbeidet med ny barnehage på Bø som inkluderer riving av gamle kommunehuset og nytt bygg på same stad skal startast snarast råd. Andre løysingar på same side av vegen kan vurderast.

Mål:

Bidra til å tydeleggjere og konkretisere den politiske bestillinga i budsjettet. I tillegg er det eit mål å gjere analyse av behov og føresetnadar som bør vektleggast i den vidare prosessen.

Oppgåve:

Oppgåva til gruppa er å kome med idear, innspel og forslag i samband med bygging av ny barnehage på Bø. Lokalisering vil vere ei av oppgåvene gruppa vil sjå på. Foreslå utbyggingsalternativ.

Organisering og ansvar:

Gruppa vert leia av Jo Tømmerbakke. Etter at gruppa har gjort ferdig sitt arbeid vil administrasjonen konkretisere innspela og utarbeide saksframlegg til politisk handsaming og avgjerd. Byggenemnda vert involvert etter endeleg politisk avgjerd. Prosessen vil dermed sjå slik ut

Innspelsgruppe → Administrativ utgreiing → Politisk handsaming → Anbod → Byggenemnd

Tidsramme:

Gruppa skal starte opp snarast og vere ferdig med sitt arbeid, og levere sine innspel innan 1. mars. Ein legg opp til eitt eller to møte i innspelsgruppa.

Samansetjing av innspelsgruppa:

Politiske representantar:	Anne Berit Bø Palmesen og Kirsti Gjetle Floen
Administrative representantar:	Tore Rikstad og Jo Tømmerbakke
Tilsette Bø bhg:	Gro Håland og Elin Stevnebø
Foreldrerepresentant Bø bhg:	Leiar FAU Trine Hellesund